



# Aukra kommune

<b>Reguleringsføresegner</b>	
Plannamn:	Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201802
Saksnummer i arkiv:	2018/77
Datert:	23.04.2019
Sist revidert:	09.09.2019 (endringar er vist med raud skrift)
Vedtaksdato:	Vedteken i Kommunestyret xx.xx.xxxx under sak xx



## § 0 Føremålet med planarbeidet

*Føremålet med planarbeidet er å:*

- Slå saman gjeldande reguleringsplanar slik at ein får ein samla plan for heile området.
- Leggje til rette for gang- og sykkelveg frå krysset mellom Hauglandsvegen og Riksfjordvegen, og fram til Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Leggje til rette for utviding av Gossen idrettslag sitt anlegg med ny fotballbane og sandvolleyballbaner.
- Leggje til rette for bygging av ein ny parkeringsplass for bilar og bussar i tilknytning Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Erstatte føremålet «campingplass» i gjeldande reguleringsplan med idrettsføremål.
- Regulere eigedom 13/383 til bustadføremål i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og etter innspel frå heimelshavar.

## § 1 Generelle føresegner

### § 1.1 Planavgrensing

- Disse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er vist på plankartet med planavgrensing. Innanfor disse grensene skal areala nyttast slik som arealføremåla på plankartet og føresegnene fastset.

### § 1.2 Terrenginngrep

- Nødvendige inngrep i terreng skal utførast på ein slik måte at eksisterande og naturleg vegetasjon så langt det seg gjere vert bevart. Alle skjeringar og fyllingar skal få ei utforming og overflate som dempar den visuelle effekten av inngrepa.

### § 1.3 Universell utforming

- Prinsippa for universell utforming skal, så langt som råd, leggest til grunn innanfor reguleringsføremåla ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK 17).

### § 1.4 Kulturminne

- Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og

kulturvernmyndene i fylkeskommunen kontaktast, jf. lov om kulturminne §§ 3 og 8.

### § 1.5 Støy

- For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442/16 leggest til grunn.

### § 1.6 private avtaler

- Etter at denne reguleringsplanen med tilhørende føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med føresegnene.

### § 1.7 Eventuell endring av vedteken plan

- Vesentlege avvik frå plankart og føresegner skal som hovudsak skje gjennom reguleringsendring, jf. plan- og bygningslova § 12-14.
- Kommunen kan, når føresetnadene er til stades, gi dispensasjon frå reguleringsplanen i medhald av plan- og bygningslova § 19.

### § 1.8 Definisjonar - Arealføremål

- O\_ = Offentleg Formål
- Den fyrste bokstaven viser til hovudformål etter plan- og bygningslova § 12-5.
- Dei neste bokstavane viser til underformål etter plan- og bygningslova § 12-5.
- Dersom planen består av fleire område med same formål, vert desse områda skilt med talkodar (SV1, SV2 etc.).

### § 1.8 Definisjonar – Anna

- **Frittliggjande**  
Ikkje bygningsmessig forbundet med annan bygning på same tomt.
- **Frittliggjande småhusbebyggelse**  
Frittliggjande småhus som einebustader og tomannsbustader
- **Einebustader**  
Frittliggjande bygg som er berekna på ein husstand.
- **Vertikaldelt tomannsbustad**  
Frittliggjande bygg som er berekna for to husstandar, med tilnærma like store og likeverdige bueiningar.
- **% -BYA**

%-BYA angir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

### § 1.9 Byggjegrensar

- Bygg skal plasserast innanfor byggjegrensene som vist i plankartet. Dersom ikkje anna er vist er det reglane i plan- og bygningslova § 29-4 som skal gjelde.

### § 1.10 Plankrav

Ved byggesøknad skal det leggest ved situasjonsplan i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise:

- Plassering av bygg med takvinkel og møneretning.
- Fasade/planteikningar som viser byggehøgde og etasjetal.
- Tilkømt, internt vegsystem og parkeringsløyising.
- Utforming og bruk av ubygd areal.
- Eventuelle gjerde, støttemurar og skråningar.

## **§ 2 Føresegner for arealføremål**

### **§ 2.1 Busetnad og anlegg**

#### § 2.1.1 Frittliggjande småhusbebyggelse (BFS)

- **Innanfor dette området kan det oppførast frittliggjande småhusbebyggelse (einebustader eller vertikaldelte tomannsbustader), med gesimshøgde på maksimalt 8 meter og mønehøgde på maksimalt 9 meter over gjennomsnittleg eksisterande terreng.**
- **%-BYA vert sett til 30 %. Dette inkluderer plott på bustad, garasje, biloppstillingsplass, frittliggjande boder, og terrasse med byggehøgde 0,5 meter over terreng.**
- Bygningane skal ha mønetak.
- Det skal settast av to parkeringsplassar per bueining, der minst ein kan være i garasje/carport.
- **Frittliggjande garasje/carport kan byggast med maksimal grunnflate på 50 m<sup>2</sup>. Felles garasje/carport kan byggast med maksimal grunnflate på 70 m<sup>2</sup>.**
- Garasje kan byggast minimum ein meter frå tomtegrense, men ikkje innanfor byggegrense mot veg.
- Plassering av garasje skal visast på situasjonskart ved søknad om byggeløyve.

- Avkøyrsløse til eigedom 13/383 skal leggjast frå kommunal veg (Hauglandsvegen), og tilrådd plassering er vist på plankart med avkøyrsepilet (sosi-kode 1242). Avkøyrsløsa skal visast på situasjonskart ved søknad om byggeløyve. Ved ei eventuell seinare deling av eigedomen vert det ikkje tillatt å etablere ytterlegare avkøyringar frå kommunal veg og inn til eigedomen.

#### § 2.1.2 Offentleg eller privat tenesteyting (BOPT)

- Området vert i dag nytta til offentleg og privat tenesteyting, og omfattar bygningsmassen til Riksfjord skule, vist på plankart som bebyggelse som inngår i planen.
- Dersom Riksfjord skule vert vedteken riven ved eit seinare høve og det vert vurdert å etablere nye bygg innanfor området, gjeld fylgjande:
- Innanfor området er det tillatt å føre opp bygg og innretningar for offentleg eller privat tenesteyting.
- %-BYA vert sett til 45 %.
- Maksimal tillatt mønehøgde er 9 meter, og maksimal tillatt gesimshøgde er 8 meter over gjennomsnittleg eksisterande terreng.
- Naudsynte parkeringsplassar for tilsette og besøkande skal etablerast innanfor det avsette området.
- Minimum 5% av parkeringsplassane skal være tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne.
- Parkeringsplassar for personar med nedsett funksjonsevne skal plasserast nærmast mogleg hovudinngang til det bygget dei skal betene
- Eventuelt internt veg og gangsystem skal etablerast innanfor det avsette området.
- Ved prosjektering av nye bygg skal tilkomst og inngangsparti utformast med spesielt omsyn til universell utforming.
- Ved etablering av nye bygg innanfor området, skal krava til støy være i henhold til retningsline T-1442.

#### § 2.1.3 Idrettsstadion (BIS)

- Føremålet omfattar arealet der Riksfjord stadion med tilhøyrande tribunebygg er etablert i dag.
- Bana er 105 meter lang og 65 meter brei, og har kunstgrasdekke.
- Dersom tribunebygget vert utsett for skade på ein slik måte at det må erstattast, skal det førast opp igjen i samsvar med mål og høgder fastsett i tidlegare gitt løyve.

#### § 2.1.4 Idrettsanlegg (BIA1)

- Føremålet omfattar arealet der Aukra arena er etablert i dag.

- Hallen er 66 meter lang og 45 meter brei, og har kunstgrasdekke.
- Dersom hallen vert utsett for skade på ein slik måte at den må erstattast, skal den førast opp igjen i samsvar med mål fastsett i tidlegare gitt løyve, og med maksimal høgde på 14,4 meter i samsvar med tidlegare gitt dispensasjon av 03.09.2015, p-sak 158/15.

### § 2.1.5 idrettsanlegg (BIA2)

- Innanfor dette området kan det etablerast anlegg som har med fotball og sandvolleyball å gjere.
- Anlegg for fotball skal som minimum dimensjonerast for 7ar fotball som anbefalt av Noregs fotballforbund. Underlag kan være grus, naturgras eller kunstgras.
- Dersom det vert nytta kunstgras skal ikkje gummigranulat nyttast til dempemateriale av omsyn til naturmiljøet.
- Anlegg for sandvolleyball skal som minimum dimensjonerast med mål på 14 x 22 meter som anbefalt i vegleiar for bygging av sandbaneanlegg. Underlag skal være finkorna sand i ein tjukkeleik på minimum 30 cm. Det kan byggast inntil to slike anlegg.
- Anlegg for sandvolleyball bør opparbeidast på ein stad med naturleg skjerming, eller på ein stad der slik skjerming kan etablerast, for å unngå at sanden bles vekk.
- Anlegg for sandvolleyball bør plasserast på ein lun og solrik stad.
- Innanfor området kan det leggjast til rette for internt gangvegsystem som bind saman dei enkelte anlegga.
- Internt gangvegsystem må visast på situasjonsplan ved søknad om byggeløyve.

### § 2.1.6 Avløpsanlegg (BAA)

- Føremålet omfattar eksisterande kommunal kloakkpumpestasjon rett nord for Riksfjord stadion.

## **§ 2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

### § 2.2.1 Veg (O SV)

- Føremålet omfattar den kommunale vegen Hauglandsvegen, og er vist på plankartet med regulert breidde.

### 2.2.2 Køyreveg (O TV)

Føremålet omfattar eksisterande tilkomstveg til kommunalt avløpsanlegg, og er vist på plankartet med regulert breidde.

### § 2.2.3 Køyreveg (O SKV1)

- Føremålet omfattar eksisterande avkøyrslé Frå Riksfjordvegen (fylkesveg 6048) og inn til Riksfjord skule. Når barnehagen er flytta frå Riksfjord kan denne avkøyrsla stengast slik at ein reduserer antal avkøyrslé frå det overordna vegnettet.

### § 2.2.4 Køyreveg (O SKV2)

- Føremålet omfattar eksisterande avkøyrslé frå Hauglandsvegen og inn til Riksfjord skule.

### § 2.2.5 Køyreveg (O SKV3)

- Føremålet omfattar eksisterande avkøyrslé frå Hauglandsvegen, og tilkomstveg til Gossen idrettslag sitt anlegg, samt ny tilkomst til parkeringsplassane SPP1 og SPP2.
- Tilkomstvegen til parkeringsplassane SPP1 og SPP2 skal være einvegskøyrd slik det er vist med avkøyrslépilear på plankartet, og skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen si handbok N100.

### § 2.2.6 Annan veggrunn (O SAV)

- Føremålet omfattar nødvendig areal til grøfter, skjeringar, fyllingar og andre nødvendige anlegg eller installasjonar som det vert sett på som naturleg å etablere innanfor desse areala.
- Grøfter, skjeringar og fyllingar skal så langt det let seg gjere tilpassast omkringliggende terreng, og såast til før ferdigstilling.

### § 2.2.7 Gang- og sykkelveg (SGS1)

- Føremålet omfattar eksisterande gang- og sykkelveg frå krysset mellom Riksfjordvegen/Hauglandsvegen og langs Riksfjordvegen fram til planen si avgrensing i nord, vist med regulert breidde på plankartet.

### § 2.2.8 Gang- og sykkelveg (SGS2)

- Føremålet viser forslag til gang- og sykkelveg frå krysset mellom Riksfjordvegen/Hauglandsvegen, og fram til Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Gang- og sykkelvegen skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen si handbok N100, og skal ha fast dekke og belysning.

### § 2.2.5 Parkering (SP1)

Føremålet omfattar eksisterande parkeringsareal ved enden av O\_SF

### § 2.2.6 Parkering (SP2)

Føremålet omfattar eksisterande parkeringsareal mellom Aukra arena og Riksfjord stadion.

### § 2.2.7 Parkeringsplass (SPP1)

- Innanfor dette området kan det byggjast parkeringsplass dimensjonert for inntil 100 personbilar.
- Parkeringsplassen skal ha fast dekke og belysning
- Minimum 5% av parkeringsplassane skal være tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne.
- Parkeringsplassar for ordinære personbilar skal ha fylgjande mål: lengde 5.0 meter, breidde 2,5 meter, etter krava i Staten vegvesen si handbok N100.
- Parkeringsplassar for personar med nedsett funksjonsevne skal ha fylgjande mål: lengde 6.0 meter, breidde 4,5 meter, etter krava i Statens vegvesen si handbok N100.
- Parkeringsplassar for personar med nedsett funksjonsevne skal plasserast nærmast mogleg hovudinngangen til anlegga dei skal betene.
- Parkeringsplassen skal planleggast og utarbeidast i samarbeid med Gossen idrettslag.

### § 2.2.8 Parkering for bussar (SPP2)

- Innanfor dette området kan det byggjast kantparkering for inntil 3 bussar.
- Parkeringsplassane kan brukast til ordinær parkering i samband med arrangement, eller som kortsiktig parkering ved levering og henting av passasjerar.
- Parkeringsplassar for buss skal ha fylgjande mål: lengde 16 meter, breidde 3.0 meter, etter krava i Statens vegvesen si handbok N100.
- Ved bygging av to eller fleire parkeringsplassar bør det settast av inntil 5 meter manøvreringsareal mellom kvar av parkeringsplassane.
- Tilknytt parkeringsplassen skal det være eit gangareal vist med regulert breidde på plankartet.



## § 2.3 Grøntstruktur

### § 2.3.1 Naturområde (GN1-2)

- Innanfor desse områda skal naturleg vegetasjon så langt det let seg gjere bevarast.
- Svartelista artar kan fjernast i samråd med kommunen og fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Det kan ikkje iverksettast tiltak, eller etablerast anlegg som endrar området sin art eller karakter. Oppføring av bygg, og plassering av varege eller midlertidige konstruksjonar eller anlegg er ikkje tillatt.

## § 2.4 Omsynssoner

### § 2.4.1 Frisiktzone (H140)

- Plankartet viser frisiktsoner i kryss (sikringszone - H140).
- Innanfor frisiktsonene skal det være fri sikt på minimum 0,5 meter over tilgrensande vegers nivå.
- Busker, tre eller andre konstruksjonar som kan hindre fri sikt er ikkje tillatt.
- Det er ikkje tillatt å parkere innanfor frisiktsonene.
- Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast innanfor frisiktsonene dersom dei ikkje er til hinder for fri sikt.
- Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.
- I krysset mellom Hauglandsvegen og Riksfjordvegen skal frisikta være 45 meter til kvar side, målt frå eit punkt 4 meter inn i krysset (fartsgrense er 50 km/t).
- For SKV1 skal frisikta være 30 meter til kvar side, målt frå eit punkt 4 meter inn i krysset (fartsgrense 40 km/t).
- For SKV2 skal frisikta være 45 meter til kvar side, målt frå eit punkt 4 meter inn i krysset (fartsgrense 50 km/t)
- For SKV3 skal frisikta være 45 meter til kvar side, målt frå eit punkt 4 meter inn i krysset (fartsgrense 50 km/t).

### § 2.4.2 bevaring naturmiljø (H560)

- Innanfor dette området er det registrert ein viktig naturtype (kystmyr).
- Det kan ikkje iverksettast tiltak eller etablerast anlegg som kan føre til skade på den registrerte naturtypen. Oppføring av bygg, og plassering av varege eller midlertidige konstruksjonar eller anlegg er ikkje tillatt.

## § 2.8 Rækkefølgekrev

### § 2.8.1 Fortau frå kryss til Gossen idrettslag sitt anlegg

- Gang- og sykkelveg frå krysset mellom Riksfjordvegen og Hauglandsvegen, og fram til Gossen idrettslag sitt anlegg kan ikkje byggjast før barnehagen som har tilhald ved Riksfjord skule har tatt i bruk nytt barnehagebygg ved Hukkelberget (Aukratun barnehage).

### §2.8.2 Parkeringsplass, SPP1-2

- Før etablering av parkeringsplass på felta SPP1-2 skal det gjerast undersøkingar, og om nødvendig utførast nødvendige tiltak for å hindre at overvatn kan føre til problem i samband med utbygginga.

### § 2.8.3 Støy

- Dersom gamle Riksfjord skule vert vedteken riven og det vert vurdert å etablere nye bygg innanfor området avsett til offentleg eller privat tenesteyting, skal krava til støy være i henhold til retningsline T-1442. Om naudsynt kan det gjerast ei endring av reguleringsplanen slik at krava til støy vert tilstrekkelig tekne i vare, det inkluderer mogleg støykartlegging, og innarbeiding av eventuelle tiltak i planen før nye bygg kan etablerast innanfor området.

### § 2.8.4 Avkøyrslar o SKV1

- Når barnehagen er flytta frå Riksfjord kan o\_SKV1 stengast slik at ein reduserer antal avkøyrslar frå det overordna vegnettet.